

FITJAR KYRKJEBLAD



Nr 2 - APRIL 2024
ÅRGANG 47



**DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR**

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar

Telefon: 913 47 802

kyrkja@fitjar.kommune.no

<https://kyrkja.no/fitjar>

Kontakt oss:

Kyrkjeverje

Harald Rydland 913 47 802

hary@fitjar.kommune.no

Kantor:

Jan Overweg 901 97 069

jaov@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Olav J. Oma 906 38 825

olaoma@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Randi Lønning Matre 951 38 562

rama@fitjar.kommune.no

Kontomedarbeidar

Elisabeth S. Oma 452 74 335

eson@fitjar.kommune.no

Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488

kjetil@fitjarkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Svein Lunde 971 59 009

Nestleiar sokneråd:

Anne Marie Røed 924 66 405

Leiar diakoninemnd:

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

Bakken barnehage:

Serina Sørffonn 902 27 978

bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver:

kontonr. 3546.29.05805

VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Håkon Rydland Sæbø

Redaksjonelt



Konfirmasjonstid

Herren din Gud er hos deg,

ein helt som frelser.

Han gleder og frydar seg over deg,

viser deg atter sin kjærleik.

Han jublar over deg med fryd

som på ein høgtidsdag. Sef. 3,17

Olav J. Oma

I år har vi 28 konfirmantar i kyrkja. Det

er ein fin flokk, som vi har følgd tysdag

og onsdag, annakvar veke gjennom året.

Vi har sunge, bedt, lese, leika, padla kano, ledd, ete, grilla pølser, snakka, trudd, vore på tur, festival og ski, gått på gudstenester.

Både Randi og eg er krye over konfirmantane våre. Mykje fint har

vi gjort saman, og dei har delteke på meir enn 300 gudstenester til

saman gjennom året. Og mange gonger har dei gitt uttrykk for at

det har vore fint å vera saman.

Det står i bibelen at Gud «gleder og frydar seg over deg». Det gjer

han over konfirmantane, kvar einaste ein av dei. Han «gleder og

frydar seg» ikkje først og fremst for alt den enkelte får til og har

gjort, men han er glad fordi kvar einaste av oss, du og eg, er skapte

i hans bilete. «Med ein evig kjærleik har han elska oss», og det

held han fram med.

Konfirmasjonstida blir avslutta med konfirmasjonsgudsteneste og

fest for konfirmantane. Men det er ikkje slutt på gudstenestene i

kyrkja. Kvar einaste søndag samlast vi på nytt, og vi kan halde fram

med å vera i fellesskapen. Han har rom for oss!

«Som barn i ditt hus

har vi hver og en et sted

Der vi kan søke ditt ansikt

og du gir oss av din fred.»

(N13 564)

Dengangen vi vart døypte, lova Jesus:

«Eg er med dykk alle dagar

så lenge verda står.»

Han er til å stola på. Du og eg

er alltid velkomne til han.



Foto: Freepik.com

Konfirmant 2024

Laurdag 11. mai kl. 11:00

Kjetil Andreas Gloppen
Odin Hatlevik
William Andre Hatlevik Helland
Iselin Hillestad
Kamilla Koløen-Hansen
Emma Martine Maraas Rekve
Robin Skumsnes Skålevik
Michelle Skår-Nilsen
Magnus Vestbøstad

Laurdag 11. mai kl. 13:00

Klara Olsen Aadland
Joakim Knapstad Bakke
Markus Koløen Gravdal
Amilie Helland
Gustav Ahrens Helland
Mailene Helland
Emma Fitjar Hjelle
Jon Fitjar Hjelle
Ola Fitjar Hjelle
Sebastian Olsen



Søndag 12. mai kl. 11:00

Markus Halhjem Bergesen
Marie Meinel Bergesen
Jonas Dalen
Olava Devik
Eldrid Fitjar
Simone Drivenes-Helland
Venita Nordeide Helland
Henriette Tufteland Lundal
Malene Voll Waage

*For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren,
fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk
framtid og von.*

Jer. 29, 11



Diakonitur

til Utstein kloster torsdag 13. juni

Her vert det omvising, og me ete lunsj saman på Utstein hotell.

På tilbakevegen blir det kanskje eit stopp med kaffi og kake, song og andakt, i Aksdal kyrkje.

Pris: kr 350,-

Påmelding frå 1. mai til
Annbjørg Stjern Tvedt (470 18 264)

Oppmøte på Fitjar bedehus seinast kl 08.45.

Arrangør: Diakoninemnda

Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

Adresse:

Kyrjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

Frist for innlevering til neste blad er 14. juni til kyrkja@fitjar.kommune.no

Neste blad kjem etter planen 25. juni. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri
Haugalandet

Nytt frå soknerådet

Då kyrkja vår vart bygd på 1860 talet, hadde dei nok ikkje høyrte om universell utforming. Lenge var det ikkje råd å komma inn utan å gå i trapper. Men under ei ombygging for ein del år sidan, vart det bygd rullestolsrampe.

Svein Lunde

I dag er forventningane og krava til tilrettelegging for rørslehemma heilt annleis enn dei var for få år sidan. Me har fått klare signal frå sambygdingar som ikkje kan gå trapper, at det er svært lite tilfredsstillande å komme inn framme i kyrkja. Dei føler seg på utstilling! Det same kjem også fram når ein spør dei rørslehemma sine organisasjonar.

Toaletta våre er heller ikkje gode sjølv om det vart gjort ein oppussingsjobb for få år sidan.

Då soknerådet i 2023 skulle lage framlegg til investeringsplan for dei neste åra, vart det sett opp fleire tiltak. Tiltak på gravplassen måtte

prioriterast fyrst, men det vart også lagt inn midlar til oppstart av eit prosjekt for ombygging og modernisering av kyrkja. Kommunestyret følgde opp dette slik at det no ligg inne midlar til forsiktig oppstart av planlegging i 2025. Me får håpa at dette kjem inn også i det endelege budsjettet for 2025.

I kyrkebladet som kom ut i februar, skreiv eg om oppstart av arbeid med fleire kistegraver. Planlegginga er no i full gang og prosjektet er i rute. Det er eit område vest for kyrkja som ikkje har vore brukt tidlegare. Her stod det nokre store tre som gjorde det vanskeleg å utnytta dette området. Trea laut vika for aldersgrensa for nokre år sidan. Dette betyr at området no kan nyttast som gravplass. Dersom alt går slik ein håpar, kan det bli plass til ca. 120 kistegraver her. Det vil ikkje ha noko å seia for dei eksisterande gravene langs kyrkja i denne omgang.



Til slutt. Kyrkjebladet du no les i er viktig for å formidla informasjon om det som skjer i soknet vårt. Men det ligg mykje arbeid bak kvart blad. Kunne du tenkja deg å vera med på dette viktige arbeidet, så ta kontakt med soknepresten eller nokon andre i redaksjonen.

Jubileumsgudsteneste i Fitjar

2. juni kl. 11.00 blir det feira stor økumenisk festgudsteneste på Moster med deltaking frå inn- og utland. Denne er alt fullsett.

På Fitjar blir det anledning til å feira denne på Fitjar Kultur og Idrettsbygg (FKIB) i kultursalen. Vi ser gudstenesta som blir overført av NRK.

Soknerådet inviterer alle til å delta synga, høyra, og å vera saman, frå klokka 11.00, søndag 2. juni.



Etter gudstenesta blir det søndagsmatiné, med gratis middag og kaker, korsong og kanskje eit glimt av det komande Håkonarspelet.

Mamilla: Eit nytt liv kan gi eit nytt liv

I oktober 2023 opna bruktbuikken Mamilla dørane i Fitjar sentrum med eit stort spekter av varer. Møbler, leker, klede, sportsutstyr og all verdas kjøken- og interiørartiklar.

Torbjørn Hovland

Ein må også nemna bokavdelinga i andre etasje. Her finn du eit breitt utval av kvalitetsbøker, alt frå Anne-Cath Vestly til Olav Duun og Fjodor Dostojevskij. I tillegg er her bestseljarbøker og ei mengd ulike oppslagsverk, alt til svært låge prisar.

Det er heldigvis blitt trendy å kjøpa brukte varer, også blant ungdomen. Der Fretex før var dominerande med brukte klær, finn me i dag fleire tilsvarande butikkar.

Interiørblada viser blanding av nytt og gammalt, og du sparar både miljøet og mykje pengar. Det er derfor heilt naturleg med kundar som kjem frå Bømlo, Stord og Austevoll.

Torunn K. Aarskog, Tove L. Aarskog og Anne Marie Røed har sentrale roller i drifta, men totalt er ca 20 personar involverte, alt basert på dugnad og meiningsfull trivsel.

Innkomne varer må pakkast ut, kontrollerast, sorterast og prisast før dei kan plasserast på hyllene. Butikken er ryddig, oversiktleg og rein, og du kan ofte kjenna ei duft av nysteikte vafler i lufta.

Mamilla tilhøyrer Den Norske Israelmisjon. Stifta i 1844 som Norges nest eldste misjons-organisasjon, over hundre år før staten Israel såg dagens lys.

DNI er ein upolitisk organisasjon som ikkje skil mellom jødar, arabarar eller dei mange andre etniske gruppene i Israel. I tillegg til misjonsverksemd, driv DNI ein alders- og pleieheim, utstrakt hjelpearbeid til vanskelegstilte, hjelp til flyktningar, utdeling av mat og eit sårt tiltrengt forsoningsarbeide i eit konfliktyft land.

Dei er også aktive fleire andre stader, mellom anna Romania og Ukraina. Så ved å gi ei bruktvare eit nytt liv, kan du også bidra til å gi eit trengande menneske eit nytt liv.

Mamilla på Fitjar er viktig på så mange ulike måtar, eit verkeleg vinn-vinn prosjekt.

God handel!



Anne Marie Røed (f.v.) og Torunn K. Aarskog har sentrale roller i drifta.



Katrine Aarbø Solheim kjem inn med nye varer.



Alltid noko å finna.

God nok

Temakveld ved Jofrid Bjørkvik, foredrag, og Irene Simonsen, piano

Temakvelden
29. februar

Torsdag 29. februar vart det avvikla endå ein interessant og gjevande temakveld i Fitjar kyrkje. Denne gongen hadde nemnda invitert psykolog Jofrid Bjørkvik som talar. Og temaet ho hadde med seg, var, som overskrifta seier; **GOD NOK**. Dette var i si tid også tittelen på Bjørkvik si avhandling for doktorgraden i psykologi. Og me forstod fort at ho var heime i temaet.

Herman I. Aadland

Men før Jofrid fekk ordet, gav Irene Simonsen til beste «Granen» av Jean Sibelius, eit heftig verk som rommar mange sinnsstemningar. Flott levert!

Varmt og venleg tok så foredragshaldaren oss med inn i kvelden sitt tema. Og det var lett å merka at ho ville oss godt gjennom å fremja og framelska eit trygt sjølvbilette. Det er usunt å dra seg sjølv ned. Dårlege mønster er vanskelege å bryta, sjølv om ein veit at dei er feil. Ho sa det så sterkt at dette foredraget eigentleg kunne vore kokt ned til dei to orda **GOD NOK!** Men ho stoppa ikkje der. For «kvifor sit me fast?» spurde ho. «Kva er du mest redd for, og kva gjer du for å beskytta deg?» Ho snakka om dei indre stengslene som stel livskraft og bryt ned sjølvbiletet. I staden for å vera trygge i oss sjølve, er det lett å vera på jakt etter andre sine signal. Kva synest dei andre om meg? Eg er stadig redd for å dumma meg ut, redd for å bli forlaten. Dette er ei dårleg kjensle. Nokon er i stand til å rista denne av seg, medan andre vert nedslegne meir varig.

Då kjem ein gjerne opp med forsvarsstrategiar mot audmjuking, strategiar som lever sitt eige liv.

- A. Det kan vera sinne. Angrep er jo som kjent det beste forsvaret.
- B. Eller ein blir unnvikande og trekkjer seg unna eller tilbake. Du vil ta minst moglege plass. Ros og skryt prellar av.

Korleis då arbeida for forandring? Forandring er jo alltid forbunden med risiko. Men det er viktig å våga. Kva er det eg er redd for? Er eg redd for å sei nei, redd for å skuffa andre? Her siterte ho Sartre: «Mennesket er dømt til fridom, og til den angsten som fridom fører med seg.» Og så sette ho fram fylgjande paradoks: «Den som er god nok, gjer fleire feil enn den som ikkje er god nok.» Målet er ikkje å gjera mest moglege feil, men å



Jofrid Bjørkvik (f.v) og Irene Simonsen

øva seg i å bli trygg. Ho siterte basketballstjerna, Michael Jordan: «Du må våga å bomma for å bli god!» Kva kan eg ta ansvar for, og kva treng eg ikkje ta ansvar for? Kva krav skal eg ha, og kva er viktig i mitt liv. «Salig var den dagen eg gav slepp på å vera ung og slank!» Eg må ikkje bli likt av alle heile tida.

Det går godt an å vera både **GOD NOK** og utilstrekkeleg samstundes!

Mot slutten av foredraget nemnde Bjørkvik syndevedkjenninga i gudstenesta. Den er der for at me skal få lessa av det som tyngjer og bli fornya i nåden. Nåden høyrer verkeleg til i kyrkja. Men me treng også å vera nådige med oss sjølve og med kvarandre!

Kva kvalitetar set du pris på hos andre, og kva kvalitetar vil du auka hos deg sjølv? Gje deg sjølv rom for gode opplevingar og kjekke ting!

Til slutt las foredragshaldaren diktet «Det vanskeligste» av Hans Børli.

Som avrunding av kvelden spela Irene Simonsen Edvard Grieg sitt vakre og vare verk «Nocturne». Kvelden starta altså i det mørke og stormfulle og enda opp i det ljose og lette. Ei fantastisk innramming kring ein gjevande kveld i kyrkja.

Velkommen som konfirmant i Fitjar kyrkje!

No er invitasjonar sendt ut til alle som skal byrje på 9. trinn til hausten. No er det din tur. Din tur til å vera konfirmant! Ei tid til fellesskap og til å tenkje sjølv.

KONFIRMASJON ER FOR ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja – både du som trur, tviler, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig.

Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid.

KONFIRMASJON OG DÅP

Er du ikkje døypt, og lurer på om du likevel kan bli konfirmert i kyrkja? Klart du kan, og du er heller ikkje aleine! Over tusen ungdomar vert døypte kvart år i konfirmasjonstida.

Konfirmant 2025



Det vanskeligste

Hans Børli

Det vanskeligste er
å holde ut med seg selv.
Holde ut med seg selv
og bære over når
det lukter sure strømpar
av din sjel.

Men prøv med det gode! Husk
du skal bo i hus med deg selv
så lenge lyset brenner
i øynene dine. Hver morgen
skal speilet hviske til deg der du står
innsydd i ditt eget skrukne skinn
og med såpe rundt øreknutene.
– Dette er Du, Du, Du ... Men prøv
med litt vennlighet, et strøk
over det glisne håret kanskje:
– Det går nok bra, kamerat.
Det går nok bra ...

For mye av hatet og kulden i verden
kommer av menneskets
tærende selvhvat.

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan tyder både «å stadfeste» og «å gjere sterk».

Eit høgdepunkt i konfirmasjons gudstenesta er når vi ber ei bøn for deg. I bønna ber vi Gud om å velsigne deg og å styrkje deg på din veg vidare i livet. Det viktigaste med konfirmasjonstida er å vere ein del av eit fellesskap og bli betre kjent med den kristne trua. Konfirmasjonen er ei påminninga om at Gud i dåpen sa du er mitt barn.

INFORMASJONSMØTE

ONSDAG 12.JUNI kl. 17.30 I FITJAR KYRKJE

Dette er for føresette og konfirmantar. Velkommen til alle som vil eller lurer på om dei vil vere konfirmant i kyrkja!

PÅMELDING

Påmelding kan de gjera på nettsida våre:
www.kyrkja.no/fitjar.

Frist for å melde seg på er 14. juni

Arven etter Rasmus Rydland og Fitjarkvartetten

Temakvelden
21. mars



Foto: Herman I. Aadland

Det er ofte mykje folk i Fitjar kyrkje; - men ikkje alltid så mange som denne kvelden. Trass i eit ufyseleg ver var kyrkja godt som fullsett av forventningsfulle folk. Desse kom både frå nært og fjernt, og dei fleste av oss var så gamle at me hadde eigne minne frå Fitjarkvartetten sine glansdagar. Og sanneleg fekk me det me kom for – og vel så det!

Herman I. Aadland

Kvelden sine aktørar var Rasmus sine søner: Harald, Tom og Arve, barneborna Silje og Maren, og vidare Ole Christian Ottestad, Heine Bernt Helland og Terje Træet. Denne gruppa hadde arbeidd godt og grundig med den nemnde arven, og me vart møtte med ei strålende song- og speglede frå først til sist. Aktørane hadde fått med seg Arne Lindekleiv som leiar for kvelden. Han var godt førebudd og losa oss fint gjennom arrangementet.

Konserten vart opna oppe frå galleriet av Harald, Tom og Maren. Der song Tom, akkompagnement av orgel

og flygelhorn, Niels Larsen sin vakre hymne «Fader vor, kom oss i møte». Så fylgde Arve opp med «Stjernesangen». Dermed var tonen sett. Me fekk del i ei mengd iøyrefallande tonar og tekstar. Mange av dei var kortreiste. T.d. Thomas Kleppe sin «Med lov og takk» til ein vakker folketone frå Fitjar, og fleire av Lars K. Vik sine gode tekstar og tonar («Skåtasalmer» som dei går under på folkemunne.) Songane kom som perler på ei snor. Repertoaret femnde om stoff av Øyvind Fragell, Åge Samuelsen, songar frå Sangboken, Salmeboka, folkeviseskatten, Torbjørn Egner og mange andre kjelder.

Songarane framførde stoffet både som solonummer og duettar. Dei tre fine og varme stemmene har ulik karakter, og dette gjorde kvelden ekstra rik og variert. Det fell for langt å ta med alt, men for meg var det stort å få høyra att bl.a. «Gullgravarsongen» og «Ovan der».

Arne Lindekleiv fortalde muntert om dei friske rytmane sin litt tronge fødsel i kyrkjer og bedehus. Blant anna skildra han ei strabasjøs reise med tungt utstyr til eit stemne i Bremnes kyrkje, der kvartetten bryskt vart takka av etter første nummer. Tidene har forandra seg, for denne kvelden stod låtten høgt i taket.

Eit innslag som vekte sterke minne og kjensler, var då Arne Lindekleiv las Lidvald Stubhaug sitt dikt frå minnestunda etter Rasmus Rydland. Det var veldig vakkert, og like sant no som då.

Det siste ordinære nummeret på konserten var «Syng evangeliet om Jesus». Det svinga godt. Verkeleg ei god og glad framføring! Og ekstranummeret var ikkje dårlegare. For då fekk me Carl Øst sin friske: «Vi ska fara bortom månen, vi ska fara bortom Mars.»

Tusen takk for ein vakker, frisk og oppbyggjeleg kveld! Og så var det fint at Lars K. Vik, Geir Vik og Rasmus Fitjar, dei tre andre i Fitjarkvartetten, var til stades denne kvelden og fekk velfortent og varm applaus!



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Arne Lindekleiv leia kvelden



Brødrene Rydland - Tom, Arve og Harald



Foto: Rolf-Atle Rolfsnes

Foto: Herman I. Aadland



Rasmus Rydland 1938-1987 var solisten i Fitjarkvartetten, det var hans fantastiske stemme og gode vitnesbyrd som gjorde at kvartetten vart så etterspurd. Han reiste òg mykje åleine og song og spelte både på bedehus og i kyrkjer. Når han var på anleggsarbeid, hadde han trekkspelet med. Der på brakka song og spelte han kristne songar og kom med enkle vitnesbyrd for arbeidskameratane sine. Rasmus var ikkje redd for å snakka med folk om trua på Jesus.



Fitjarkvartetten på Fitjar bedehus i 1987

Dette er i høve 20 års jubileum for Fitjarkvartetten som det vart skrive reportasje om i bladet Sunnhordland og Dagen. I desse 20 åra har Fitjarkvartetten songe på ca 450 ulike arrangement rundt om, for det meste på Vestlandet. Ei EP plate og tre kassetter er utgitt i dette tidsrommet.

Skihelg på Korlevoll

Tentreff har hatt sin årlege tur til Korlebu på Seljestad helga 19. - 21. april. Av alle helger denne vinteren, var denne den beste med tanke på veret. To dagar med fint ver, søndag så stilt at ein kunne sitte ute i T-skjorte og nyte våren.

Håkon Rydland Sæbø

Me var ein eksklusiv gjeng på 11 deltakarar og 3 leiarar som reiste på tur. Me veit at fleire var interesserte i denne turen tidligare på vinteren, men med berre 3 veker mellom vinterferie og påske, måtte det bli slik i år. Det la ikkje ein dempar på stemninga, om nokon lurte på det. Spelelistene var klargjorte til tur, og så snart me var installerte i bilane, byrja musikken å dundre ut frå høgtalarane. I bilen eg kjørte, hadde dei med eigen stor høgtalar, så alle i bilen fekk med seg kva som blei spelt. I løpet av bilturen gjekk det i Salhusvinskvetten, Bømlingen, Lisa Børud, Van Halen og mykje, mykje meir. Vel oppe på Seljestad fekk me bagar, mat og spel inn i hytta. Romma var enkle å fordela, og ungdomane fekk seg litt mat før dei kunne byrja med spelet over alle spel, Mafia. Innimellom kunne dei spele bordtennis og bordcurling. Då klokka blei 23.30 hadde eg ein andakt. Tema for helga var at me alle er ulike, at me er skapte til å leve i fellesskap med kvarandre, at me saman er løysinga Gud faktisk har for jorda. For å få dette til, må me av og til

gå i oss sjølv, be om orsaking og ha tru til at det kjem ei løysing etterkvart. Den gode løysinga kjem ikkje alltid med ein gong.

Laurdag var kaldare enn me hadde trudd. Førret var difor veldig bra og sola var med oss store deler av dagen. På det eine bilete kan de sjå ei rekke av folk som står høgt oppe i ei fjellside bak våre deltakarar. Det var mange bilar på parkeringsplassen, men nesten ikkje kø heile dagen. Det kom av at Røldal freeride blei arrangert. Der set ungdomar utforb dei brattaste fjellsidene og hoppar ned over store skrenter. Om nokon var redde for at me sende ungdomane ut på slik nedfart, så gjorde me altså ikkje det. Men alle desse som stod oppe i fjellsida, pleier å kjøre utanom løypa i laussnøen. Desse var det difor mange færre av enn det pleier å vere, og me fekk med oss alle 11 deltakarane på tur i laussnøen fleire runder. Dei blei med på bratte utforkjøringar, og me fekk snakka litt om korleis det er lurt å køyre der, med litt større svingar og justere farten med å sikta litt oppover i fjellsida att. Me stoppa litt innimellom på kvar tur nedover, så alle var med heile vegen. Eg først og Dagfinn sist. I botn av bakken skulle det vere beine vegen mot skiheisen. Her var det likevel berre ei løype, og heilt klart lettare å kræsje. Opp til fleire hadde front til front kollisjon der nede, utan at det såg ut til å gå utover korkje ferdigheter eller interesse.





Laurdagskvelden blei lang og det gjekk fleire timar i Mafia, der den eine historiefortellaren etter den andre imponerte med god fantasi. Mafia har vore med på tur sidan me byrja, og det er gøy å sjå at eit spel som berre treng nokre få kort frå kortstokken, kan halde liv i gjen- gen heile kvelden. Leiarane gjennomførte "Slaget om Sunnhordland". Det er imponerende mykje gode slag- kort i spelet, med gerilja, missiler og gjenbruk av gamle ferjekaiar. Slaget blei avgjort ved at 18 styrker kom frå Rubbestadneset til Austevoll med hurtigbåt.

Søndag var det sein frukost og nydelig ver. Nokon sur- ra rundt inne i hytta med bordtennis og bordcurling, nokon brukte alpinskiina til hopping utanfor, og nokon

hadde med langrennski og fekk prøvd dei. Det var eit nydeleg føre. Det hadde snødd 2-3 cm natt til laurdag, snø som ikkje hadde tint i løpet av laurdagen. Me hadde og med volleyball og frisbee, så det var også noko å ta seg til for dei som ikkje ville bruke ski. Skiskyting med snøballar har me gjort kvart år, men ikkje i år. Gro had- de middagen klar til kl 14, og me fekk ete oss mette på møyrt kjøt i frå Rydland og gele og sjokoladepudding. Fleire av ungdomane stod fram som staute kaffidrikka- rar også. Slett ikkje verst, sjølv om Lipton Gul sjølvsgagt er mykje betre





Våren er konfirmasjonstid. Konfirmantar i kvite kapper er eit vakkert syn i bygdene våre i desse dagar.

Ca. 30 000 unge vert konfirmerte i Den norske kyrkja kvart år.

Me har spurt fire personar i ulike aldrar - som er konfirmerte - følgjande spørsmål:

1. Bestemte du sjølv at du ville bli konfirmert?
2. Har du eit minne frå konfirmasjonstida?
3. Hugsar du noko du lærte?
4. Har du eit råde til dagens konfirmantar?



Konfirmert 1987

Hilde Eriksen:

1. Ja, eg bestemte da sjølv. Ingen diskusjon med foreldre. Det har alltid vore ein tradisjon, så det var ikkje eit spørsmål eingong. Det var heilt naturleg.
2. Mitt beste minne er vel at me var på ei heil veka på Voss, stod på ski og hadde det kjekt.
3. Eg veit i alle fall at eg måtte læra Fadervår utanat. Det fekk eg spørsmål om på overhøyriinga. Så det måtte eg seia høgt i kyrkja utan hjelpemiddel. Det var jo litt skræmande.
4. Konfirmantane kan jo høyra litt på foreldra. No når eg eg blitt vaksen, tenkjer eg ofte på det pappa sa. Det var jo både rett og sant.



Konfirmert 2003

Tor Gunnar Andersen:

1. Ja, det gjorde eg. Det var jo diskutert heima, men det var ikkje noko aktuelt spørsmål. Me var einige om da.
2. Eg har ikkje noko spesielt som eg kjem på.
3. Me lærte jo forskjellig, men kjem ikkje på noko spesielt der heller. Det var ikkje den beste du kunne intervjuar, trur eg.
4. Dei må konfirmere seg vanleg i kyrkjo; heile gjengen.



Konfirmert 1961

Bodil Nesse:

1. Det var jo vanleg at alle som eg visste om konfirmerte seg. Eg var allereie då bevisst på kvifor eg ville konfirmere meg.
2. Eg huskar i alle fall at me måtte teikna domkyrkja i Tromsø.
3. Det er kanskje eit rart minne eg har. Gutane sat alltid fremst i kyrkja for at presten skulle ha kontroll på dei. Når me fekk spørsmål, var det mange som ikkje kunne svara noko. Dei sa at det var så vanskeleg. Då sa presten så fint: «De er unge, men ein blir aldri for gamal til å hugsa og læra».
4. Eit råd, eller kanskje meir eit ynskje, er at det konfirmantane har lært om Jesus i konfirmasjonstida, vil mognast hos dei, slik at dei ynskjer å ha Jesus med vidare i livet.



Konfirmert 2014

Nils Birger Vestbøstad:

1. Ja, det gjorde eg for så vidt. Det var jo aldri eit tema, eigentleg. Var aldri inne på tanken på borgarleg konfirmasjon.
2. Eg hugsar vel best det som skjedde i kyrkjo, på konfirmantsamlingane. Var litt spesielt at Olav og Nobu kom med ostehorn og delte ut til oss.
3. Eg lærte jo at uansett kven du er og kva du har med deg i bagasjen, er du velkomen til å vera med i fellesskapet. Alltid positivt å vita at du er rekna med. Ikkje eit krav, men du får vera med viss du vil.
4. Ikkje la andre påverka deg negativ. Ikkje vik frå målet, men ta dine egne val. Ikkje la andre bestemma over framtida di. Du må finne din eigen veg.

Hurra for misjonsprosjektet vårt!

Herman I. Aadland

I dag, 12. april, var eg inne på NMS sine heimesider for å sjå kva Fitjar kyrkjelyd har gitt til misjonsprosjektet vårt i Mali så langt i 2024. Det eg då såg, fekk meg til å smila frå øyra til øyra. Der stod det nemleg 39.998 kroner! Og då er me mindre enn ein tredjedel inne i dette arbeidsåret. Høgtidsofferet på påskedag gav sjølv sagt summen eit stort byks. Den svært godt besøkte festgudstenesta resulterte i eit offer på mellom 18 og 19 tusen kroner. Pengane kjem svært godt med. Dei blir til velsigning og oppmuntring for arbeidarane, kyrkjelydane og folket elles i det vakre men hardt prøvde og urolege landet. Me i misjonsnemnda ynskje å lyfta misjonsprosjektet vårt så høgt me berre kan. Det må gjerne gå sport i å overgå resultatata frå tidlegare år!



Foto: Sigurd Egeland, NMS

Men like viktig er det at me tek arbeidet med i bønene våre både når me er samla som kyrkjelyd og når me ber til Gud i kvardagen vår. Takk til alle som engasjerer seg i og som støttar arbeidet i Mali! Engasjementet og kjærleiken vår er til glede og signing for dei som tek imot, men dette sender også signing og glede tilbake til oss. Ordet om at «Gud elsker ein glad gjevar», går aldri ut på dato.



VENESTEMNE

Fitjar Bedehus

Kristi Himmelfartsdag 9. mai

12.00: Generasjonsgudsteneste

- Olav J. Oma
- Takkoffer til Indremisjonen

13.00: Servering

- Betasuppe, pølser, kaker og kaffi

14.00: Ettermiddagsmøte

- Olav Eikemo
- Kristiansand Kammerkor
m/dirigent Bodil Kvernenes Nørsett
og Runar Nørsett
- Sveinung Hølmebakk
- Kollekt til Indremisjonen

14.00: Leikar og aktivitetar for borna



Olav J. Oma



Olav Eikemo



Sveinung Hølmebakk



Runar Nørsett



Kristiansand Kammerkor

Arr: Indremisjonsforeiningane i Fitjar og Fitjar kyrkje

KRISTIANSAND KAMMERKOR

Himmelsk vår

Dirigent Bodil Kvernenes Nørsett

solist Sveinung Hølmebakk | pianist Runar Nørsett

Musikk av Edvard Grieg, Olav Gjelle, Torbjørn Dyrud, nordiske romansekomponister

Fitjar kyrkje torsdag 9. mai kl 1900
Valen kyrkje fredag 10. mai kl 1900
Haaheim gard laurdag 11. mai kl 1600

Billett ved dera:
ordinær kr 250
student kr 150
born under 16 år gratis

Sveinung

III GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET
RYDLAND

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

ELON fagmøbler

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72

FITJAR KRAFTLAG

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

LERØY
SJØTROLL

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

www.leroyseafood.com

Stord
Begravelsesbyrå

Tlf. 53 41 64 05

PORT
STEINGARD

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

NBK
norges bygdekvinne
lag

Fitjar
Bygdekvinne
lag

Ledig annonseplass



KRÅKO GJESTETUN

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

post@krakogjestetun.no



OPNINGSTIDER:

Mån, tirs, fre: 9-16

Ons, tors: 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1 2. etg

i Larsen bygget

For timebestilling ring:

53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!



GRØNAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

Vesthaugane

www.vesthaugane.no

Telefon: 91 82 41 58



Engesund

Fiskeoppdrett

Visningsenter

Mobilnr: 951 89950



Bakken
Fitjar Soknerådsbarnehage

Kontaktinfo:

Serina Sørfohn

902 27 978

Ledig annonseplass



Interflora

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

www.interflora.no

Blomster - Gaver - Gravsteiner

it **TVEIT**
Faglig tyngde og
godt humør

BERRE GOE!



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS

post@fmvas.no - 53 45 72 00
www.fmvas.no



FITJAR
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

SPAR



KVERNENES
BÅTBYGGERI

Kalveid 27, 5419 Fitjar
Tlf: 940 39 639 - baatbygg@kvernenesbaat.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



FOTTERAPEUT
med diabetes forjupning

Liv Heidi Kolbeinsvik

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



Fitjar
FJORDHOTELL
Tlf. 53 45 77 00

Videoen
Kiosk



Engevik &
Tislevoll a.s
MESTERHUS

Telefon:
53 45 73 00
E-post:
post@engevik-tislevoll.no

VERDIG GRAVFERD

Vakttelefon: 91 80 00 40



Aarskog
Elektro

AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

CARFIX

Carfix Fitjar

Tlf: 53 49 71 21

progreen
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar
www.progreen.as

SparebankenVest

VI ER FAMILIEBANKEN

Vi følger deg hele livet



Sal av kraftfor, gjerde-
matriell og spon

NESEGUTANE AS

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



ØYA BYGG
Nybygg · Tilbygg · Rehabilitering

DANIEL TISLAVOLL

✉ post@oyabygg.no

☎ 456 67 418

Ledig annonseplass

Slekters gang

Døypete:

24.03.

Henny Koløen

03.04.

Lukas Fitjar Neergård

21.04.

Oskar Jakob Skram

Jordfeste:

Liv Jorid Larsen

f. 11.06.1939 - d. 24.02.2024

Rolf Aamodt

f. 28.09.1934 - d. 26.02.2024

Kjell Magnar Eide Helland

f. 26.04.1960 - d. 05.03.2024

Jan Estrup Rasmussen

f. 10.10.1955 - d. 19.03.2024

Knut Martin Volden

f. 12.01.1939 - d. 29.03.2024



Foto: Freepik.com

Termostreff

Diakoninemnda arrangerer termostreff på kyrkjegarden frå veka før 17. mai og gjennom sommaren.

Det betyr at ein gong i veka så er det ein i nemnda som har ansvar for å ta med seg ei kaffe eller to på kyrkjegarden. Og om du ynskjer det og treff på oss, er det sjanse til å slå av ein prat over ein kopp kaffe.

Arrangør, Diakoninemnda

Open kyrkje

Kvar 1. torsdag i månaden arrangerer Diakoninemnda open kyrkje frå klokka 18.00-19.30

Fitjar kyrkje blir open i sommar

Kyrkja blir open i arbeidstida, mellom 9 og 15, dei fleste dagane gjennom sommaren frå 24. juni. Då er det sjanse til å gå inn, vera stille, be ei bøn eller berre for å sjå seg om i kyrkjerommet. Dette er eit tilbod både for oss fastbuande og tilreisande.

Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
08.05.	kl.18:00	Samtalegudsteneste	Olav J. Oma	Ungdomsarbeidet
09.05.	kl.12:00	Kristi himmelfartsdag/Venestemne	Fitjar bedehus	IMS
11.05.	kl.11:00	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp
	kl.13:00	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp
12.05.	kl.11:00	Konfirmasjon	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp
	kl.13:00	Dåpsgudsteneste	Olav J. Oma	
17.05.	kl.11:00	Grunnlovsdag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet/Kirkens Nødhjelp
19.05.	kl.11:00	Pinsedag/	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet NMS
20.05.	kl.12:00	Generasjonsgudst. v/Kidnavatnet	Roald Drønen	Kyrkjelydsarbeidet
26.05.	kl.11:00	Treeiningssøndag - Årsmøte	Olav J. Oma	Den norske Israelsmisjon
02.06.	kl.11:00	2. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
09.06.	kl.11:00	3. s. i treeiningstida	Sven Harald Nilsen	Fitjar bedehus
16.06.	kl.18:00	4. s. i treeiningstida	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
23.06.	kl.11:00	5. s. i treeiningstida - Campingen	Roald Drønen	
30.06.	kl.11:00	Aposteldagen	Olav J. Oma	